

# Eksamen

19.mai 2017

HSE 3001

Helsefremjande arbeid

Helsefremmende arbeid

**Programområde:**

Vg3 Helsesekretær

## Nynorsk

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Vurderingsretteleing:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det er kompetansemåla i læreplanen som er grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret.</li><li>• Beskriv alle vala du tek og begrunn dei fagleg.</li><li>• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene.</li><li>• I vurderinga blir det lagt vekt på at du uttrykkjer deg tydeleg og fagleg korrekt.</li><li>• Direkte avskrift frå kjelder gir låg måloppnåing og vil bli vurdert til lågaste karakter.</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Det er 5 oppgåver. Du skal svare på alle oppgåvene.

## Oppgåve 1

Jonas er 2 år. Mor ringer legekantoret der du arbeider og fortel: «Utpå dagen i går begynte Jonas å hoste kraftig. Han åt normalt, og han var aktiv som vanleg. Da han skulle leggje seg, begynte han å bli sutrete og ville sitje i fanget. Han har sove uroleg og vore mykje vaken i løpet av natta. I dag tidleg var Jonas veldig varm, hosten har blitt verre, og han verkar tett i brystet. Han vil ikkje ha verken mat eller drikke.» Jonas får time same dag saman med mora si.

Begrunn fagleg korleis du vil gå fram i møtet med Jonas og mora.

Kva for tilleggsspørsmål vil du stille med utgangspunkt i sjukdomsbildet?

Begrunn ut frå teori.

## Oppgåve 2

Jens er 72 år og har KOLS. Han er listepasient ved legesenteret der du arbeider. I dag kjem han til kontroll. Du veit ut frå journalen og tidlegare kontakt at han er redd for sjukdommen som har ramma han. Den siste månaden har han blitt tynnare, og du ser ut frå journalen at sjukdommen har forverra seg. Jens har ikkje slutta å røyke trass i fleire oppmodingar frå legen. Etter at han har vore inne hos legen, har du fått i oppgåve å rettleie Jens om røykekutt og kosthald.

Gi ei fagleg begrunning for kva du legg vekt på i rettleiinga med forankring i humanbiologien.

## Oppgåve 3

Det er influensatid. Mange pasientar med influensasymptom ringer legekantoret der du arbeider for å bestille time. I dag veit du at to av pasientane har ein alvorleg cancerdiagnose. Dei er i gang med behandling av sjukdommen.

Begrunn fagleg korleis du vil førebyggje smitte i dette tilfellet.

## Oppgave 4

Johanne er 60 år. Dei siste dagane har ho hatt mørk avføring. Ho ringer legekantoret om morgonen, og det er du som tek telefonen.

Gjer greie for kva spørsmål du stiller henne, og kvifor.

Ho får time seinare på dagen. Når ho kjem, er det du som tek imot henne. Det er tydeleg at ho er engsteleg.

Forklar kva du gjer, og korleis du utfører oppgåvene i denne konsultasjonen.

Begrunn svaret.

## Oppgave 5

Jorid er 17 år. Ho kjem til avtalt time på legekantoret. Ho er redd for at ho er gravid.

Ho skulle ha hatt menstruasjon for ei veke sidan. Ho har smerter nedst i ryggen, og det svir når ho tissar. Graviditetstesten er negativ, og Jorid blir så letta at ho begynner å gråte.

Gjer greie for arbeidsoppgåvene dine i denne konsultasjonen. Legen ber deg snakke med Jorid etter konsultasjonen. Forklar og begrunn kva du seier til Jorid.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Vurderingsveiledning:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det er kompetansemålene i læreplanen som utgjør grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen.</li><li>• Beskriv alle valg du tar og begrunn dem faglig.</li><li>• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene.</li><li>• I vurderingen vil det legges vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt.</li><li>• Direkte avskrift fra kilder innebærer lav måloppnåelse og vil bli vurdert til laveste karakter.</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Det er 5 oppgaver. Du skal svare på alle oppgavene.

## Oppgave 1

Jonas er 2 år. Mor ringer legekantoret der du arbeider og forteller: «Utpå dagen i går begynte Jonas å hoste kraftig. Han spiste normalt, og han var aktiv som vanlig. Da han skulle legge seg, begynte han å bli sutrete og ville sitte i fanget. Han har sovet urolig og vært mye våken i løpet av natta. I dag tidlig var Jonas veldig varm, hosten er blitt verre, og han virker tett i brystet. Han vil ikke ha verken mat eller drikke.» Jonas får time senere på dagen sammen med mor.

Begrunn faglig hvordan du vil gå fram i møtet med Jonas og mor.

Hvilke tilleggsspørsmål vil du stille ut fra sykdomsbildet?

Begrunn ut fra teori.

## Oppgave 2

Jens er 72 år og har KOLS. Han er listepasient ved legesenteret der du arbeider. I dag kommer han til kontroll. Du vet ut fra journal og tidligere kontakt at han er redd for sykdommen som har rammet han. Den siste måneden har han blitt tynnere, og du ser ut fra journalen at sykdommen har forverret seg. Jens har ikke sluttet å røyke på tross av flere anmodninger fra legen. Etter at han har vært inne hos legen, har du fått i oppgave å veilede Jens om røykekutt og kosthold.

Gi en faglig begrunnelse for hva du legger vekt på i veiledninga med forankring i humanbiologien.

## Oppgave 3

Det er influensatid. Mange pasienter med influensasymptomer ringer legekantoret der du arbeider for å bestille time. I dag vet du at to av pasientene har en alvorlig cancerdiagnose. De er i gang med behandling av sykdommen.

Gi en faglig begrunnelse for hvordan du vil forebygge smitte i dette tilfellet.

## Oppgave 4

Johanne er 60 år. De siste dagene har hun hatt mørk avføring. Hun ringer legekantoret om morgenen, og det er du som tar telefonen. Gjør rede for hvilke spørsmål du stiller henne, og hvorfor.

Hun får time senere på dagen. Når hun kommer, er det du som tar imot henne. Det er tydelig at hun er engstelig.

Forklar hva du gjør og hvordan du utfører oppgavene i denne konsultasjonen.



Begrunn svaret.

## Oppgave 5

Jorid er 17 år. Hun kommer til avtalt time på legekantoret. Hun er redd for at hun er gravid. Hun skulle ha hatt menstruasjon for ei uke siden. Hun har smerter nederst i ryggen, og hun har svie ved vannlating. Graviditetstesten er negativ, og Jorid blir så lettet at hun begynner å gråte.

Gjør rede for dine arbeidsoppgaver i denne konsultasjonen. Legen ber deg snakke med Jorid etter konsultasjonen.

Forklar og begrunn hva du sier til Jorid.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)